



Arkivnr: 2017/2171-3

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Søknad frå Flesland Parkering AS om ruteløyve for strekninga Lønningsvegen - Bergen lufthamn

Samandrag

Samferdselsavdelinga har motteke søknad frå Flesland Parkering AS om løyve gratisbussrute på strekninga Lønningsvegen – Bergen lufthamn. Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka. Fylkesrådmannen rår til at søknaden vert imøtekomen.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Flesland Parkering AS ruteløyve for strekninga Lønningsvegen – Bergen lufthamn. Løyvet gjeld for 10 år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.04.2017**Bakgrunn**

Samferdselsavdelinga har i brev av 28.02.17 frå Garmann, Mitchell & Co Advokatfirma DA på vegne av Flesland parkering AS (FP), motteke søknad om løyve gratisbussrute på strekninga Lønningsvegen – Bergen lufthamn. Fylkesutvalet skal gjere vedtak i saka.

Saksopplysningar

Den aktuelle ruta er lagt opp til å ha totalt fire stoppestader; parkeringsanlegget ved Lønningsvegen 12, Scandic hotell ved Lønningsvegen, Comfort hotell ved Lønningsvegen og Bergen lufthamn. Det nemnde parkeringsanlegget er tilrettelagt for flypassasjerar, og det går i dag skyttelbuss mellom det og lufthamna.

Det er lagt opp til kontinuerlege ruteavgongar med den omsøkte ruta. I tillegg vil det vere aktuelt med tre stopp i veka ved verksemda Resq i Lønningsvegen. Det vil ikkje bli kravt direkte vederlag frå passasjerane med ruta.

I søknaden frå FP heiter det m.a følgjande:

De aktuelle hotellene ligger tett på lufthavnen, og svært mange av gjestene ankommer med fly. Det er i dag ikke utbygget gangsystem fra lufthavnen til hotellene, og inntil det er etablert undergang/fortau mellom lufthavnen og hotellene (som er på andre siden av hovedveien), er det stort behov for en trafiksikker og forutsigbar transportløsning for gjestene.

Gjester opplever at transport med taxi ikke er et reelt alternativ fordi det er så kort avstand mellom hotellene og lufthavnen. Taxier ønsker ikke å stå i kø på lufthavnen for å ende opp med en tur som er under minstesatsen, for deretter å måtte stille seg opp i ny kø på lufthavnen for å få en ny tur. Taxisjåførene har ved flere anledninger latt sin misnøye gå utover passasjerene/gjestene, noe som oppleves som ubehagelig.

Høyring

Søknaden har vore til høyring hjå Avinor AS og drosjesentralane.

I epost av 04.04.17 frå Taxi 1 AS heiter det m.a følgjande:

[...] Manglende trafiksikkerhet antas å være et kommunalt eller fylkeskommunens ansvar som er betinget løst i gjeldende reguleringsplan for området rundt Bergen lufthavn før det gis ferdigstillelsesattest til hotellene.

Påstand om at drosjer generelt ikke ønsker korte turer er for øvrig udokumentert.

Dagens drosjemarked er under press og næringen har dermed et klart behov og naturlig ønske om å bevare alle sine kunder, også de som skal til og fra nærliggende områder. For ordens skyld skal det opplyses at Taxi 1 har en egen avtale med Resq [...]. Bergen lufthavn har også til enhver tid et stort antall drosjer som frekventerer lufthavnen. Søker kan ikke høres med at drosjedekningen er sviktende eller mangler kvalitet basert på enkelststående tilfeller. [...]

Vurdering

Etter det fylkesrådmannen kan sjå, gjeld søknaden i realiteten spørsmålet om den noverande skyttelbussruta kan ta med hotellgjestar på tur til/frå flyplassen. Fylkesrådmannen vil tru at høvet til å reise gratis med buss mellom hotellet og flyplassen kan gje marginale inntektsendringar for drosjenæringa. Samstundes er det ei målsetjing å få flest mogleg til å reise saman, og å utnytte den eksisterande passasjerkapasiteten på skyttelbussen best mogleg. I tillegg kjem at ein ved å tildele det omsøkte ruteløyyet vil gje dei som elles ville gått til fots, gjerne med bagasje, mellom hotella og lufthamna, vil sleppe både bryderi og trafikkfare. På dette grunnlaget rår fylkesmannen til at søknaden frå Flesland Parkering AS vert imøtekomen.